

Slutt på Bank i butikk(Bib) 1.juni.

22.05.2017



Slutt på Bank i butikk frå 1.juni.

Frå 1.juni vert det slutt på Bank i butikk. Denne ordninga har vi idag på Spar Uskedalen her i bygda. Mange er usikre på kva vanskar dette kan skapa for dei, men etter å ha snakka med Bente Nilsen, dagleg leiar på Spar Uskedalen, skjønar eg at opphøret av ordninga vil få liten betydning for folk flest.

Alle kan framleis gjera **kontantuttak** i kassen som før. Dette gjeld kort frå alle bankar. Ein liten skilnad vert det. Vi får ikkje oppgitt **saldo** på kvitteringa etter uttaket. Vi kan ikkje gjera **saldoforespørse** i kassen. Vi misser mulighet til å gjera **innskot** i kassen (**Bank i butikk**).

Dette rammar mest bedrifter, lag/organisasjonar etter arrangement der kontantar har vore brukt (basar og lotteri, bingo, kollekt osv.)

For kundar i **DnB og Posten** vil både innskot og uttak framleis kunne ordnast på Spar Uskedalen i **Post i butikk**.

Alle kundar kan ordna med giro både inn og ut i **Post i butikk**.

«Er det spørsmål, skal vi hjelpa så langt det er råd,» seier Bente Nilsen, dagleg leiar ved Spar Uskedalen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Illustrasjonsfoto.